



Kommunal- og regionaldepartementet

Lokalisering av statleg valeining

Vi viser til informasjon om at konsekvensar for ulike lokaliseringalternativ for eventuell statleg valeining vert utgreidd. Sogn regionråd er samansett av åtte kommunar; Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd vil med dette gje støtte til at valeininga vert lokalisert til Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) i Leikanger.

Saman med regionsenteret Sogndal - vel 20 minutt køyring frå Difi - utgjer Leikanger ei viktig næringsklyngje av offentlege tenester, forskings- og utviklingsmiljø og har mange kompetansebaserte arbeidsplassar. Kompetansemiljøet i Leikanger består av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, NAV Økonomiteneste, NAV Sogn og Fjordane, Skatteopplysningen, Innovasjon Norge, Statens vegvesen Region Vest og Vegavdeling Sogn og Fjordane. Regionsenteret Sogndal har eit stort miljø innan skule/utdanning, forskning, it og lang rekke kompetansebedrifter på Fosshaugane Campus med mange hundre tilsette.

Kompetansemiljøa i Leikanger er solide og rekrutterer godt. Det er god respons på stillingsutlysingar og søkjarane er jamt over godt kvalifiserte. Leikanger rekrutterer høgt kvalifiserte personar både dei med og utan tilknytting til regionen. Det er høg grad av stabilitet i arbeidskrafta.

Avdelingsdirektør Jostein Fondenes i avdeling it-drift og utvikling i Difi seier, på spørsmål frå regionrådet, at ei lokalisering i tilknytning til Difi Leikanger gjer at ein kan dra synergjar på it-drifts og sikkerheitsmiljø, -utviklingsmiljø, -forvaltningsmiljø og servicesenter med publikumsretta brukarstøtte. Avdelinga er i dag gjennom arbeidet med ID-porten i kontakt med dei fleste kommunar og har stor publikumskontakt. I tillegg ser han at ein del fellesfunksjonar i det nyoppussa og utvida Statens hus Leikanger kan nyttast i fellesskap.

Ei lokalisering i tilknytting til Difi vil dra synergjar på fellesfunksjonar i Statens hus Leikanger. Kommunen vil hjelpa til med å skaffa naudsynte lokale i umiddelbar nærleik til Difi.

Det er gode kommunikasjonar frå Leikanger. Næraste flyplass Sogndal lufthamn Haukåsen ligg med 45 minutt køyretid frå Leikanger. Etatane i Leikanger har velfungerande tilbringarteneste med drosje til og frå flyplassen. Flyplassen har eit godt rutetilbod med fleire direkte avgangar til Oslo og Bergen. Direkte fly tek 45 minutt til Oslo.

Moglegheitene for å trekka til seg kompetent arbeidskraft vil også mellom anna vera avhengig av tenestetilbod og fritidstilbod i kommunen. Leikanger skårer høgt på ”godt å bu-kåringar” og helse- og utdanningsmålingar - på siste Kommunebarometer kom Leikanger som nr 4 av alle landets kommunar. Kommunen har god kvalitet på barnehage- og grunnskuletilbodet. Kommunane i indre Sogn utgjer ein felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion. Regionsenteret Sogndal er utdanningscenteret og har fylket sin største vidaregåande skule. Med høgskule og folkehøgskule også i Sogndal er skuletilbodet i regionen særst breitt og godt. Leikanger kommune er i gang med fleire bustadprosjekt. Det er eit godt idrettstilbod og yrande organisasjonsliv i kommunen og ein aktiv interkommunal kulturskule.

Kommunane i Sogn meiner det ligg godt til rette for å leggja ei sentral valeining til Leikanger med nærleik til fagmiljø med juridisk og it-kompetanse og med gode høve til å rekruttera godt kvalifisert arbeidskraft.

Sogn regionråd støttar opp om at statleg valeining vert lokalisert til Leikanger. Vi stiller gjerne til eit møte for å orientera om våre synspunkt og vurderingar.

Med helsing

Noralv Distad
leiar
(sign)

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)